

bøkerne av Holberg er der meir slik norsk enn i dei siste bøkerne han skreiv.

Ser ein berre paa storstraumen i boklivet i dette bilet, kunde ein tru at det norske maal hadde døytt heilt ut og gjenge i grav, i alle fall i skrift. Men soleis var det daa ikkje heller. Tvertum, det er nettu paa i dette bilet at *nynorsken* stig fram i *sin eigen bunnad*, skriven beint fram etter ljo den i det maalføre han talar. I den norske maalsoga kann me difor kalla tidi fraa 1625—1850 for *maalføre-tidi*. Det eldste skrift i denne vegen er vel det vesle upplaget til ei liti norsk *Grammatica*, som finst paa det kongelige bibliotek i Kjøbenhavn<sup>\*)</sup>, og som er skrivi paa latin omkring 1625; det norske maalet, som her vert sett opp mot dansk, er fraa Agdesida. Noko yngre, men fraa same landsluten er ei samling med *norske ordtok*<sup>\*\*)</sup>, og ei forvitneleg *ordlista* ein sorenskrivar hev samla<sup>\*\*)</sup>. Fraa umkr. 1640 hev me dei fyrste folkevisor uppskrivne (t. d. *brullaupet i Kraakelund*, paa Hordalands maalføre). I 1646 kom ut *Den norske Dictionarium eller Glosebog* av *Christen Tensson*, prest i Askevoll; ho inneheld eit par tusund ord og ordlag i Sunnfjords maalføre. I det 18de hundr. tek den norske straumen til aa veksa noko. Mange namngjevne menn skrivi paa norske maalføre. Me nemner her: *Hans Paus*, prest i Seljord, som etter segni hev skrivi diktet „*Fru Anne Arnold paa Borgestad*“; diktaren *Edvard Storm* (mange visor paa Vaagaamaal fraa Gudbrandsdalen); *Thomas Stockfleth* (*Heimatkomsten*); *Hallvard Sellæg* (brudlaupsvisor paa Namdals maalføre); tronderen *Peter Lorents Hersleb* († 1769), som sette um „*Skabelsens bog*“ paa inntrondsk maalføre<sup>\*)</sup>; *Knud*

\*) Thottske samling no. 464, 8 vo.

\*\*) Thottske samling no. 1506, 4 to.